

Retningslinjer for KRISTENT FELLESETVAL i Ølen og Vågen

1. **Kristent Fellesutval** er eit samrådningsorgan for alle lutherske arbeidslag i Ølen og Vågen krinsar (Ølen sokn). Under Kristent Fellesutval vert det oppretta eit ARBEIDSUTVAL som følgjer opp vedtak frå Fellesutvalet.

2. **FØREMAL**

Kristent Fellesutval skal ha desse hovudføremåla:

- a. **SAMTALEFORUM**

Kristent Fellesutval er eit samtaleforum der heilskapen i det kristne arbeidet i soknet skal drøftast i lys av visjonen. Her kan styrke og svakheiter i arbeidet vurderast og ev. initiativ til endringar takast opp.

- b. **ANSVAR FOR FELLESTILTAK**

Kristent Fellesutval har ansvar for å planlegge og gjennomføre dei fellestiltak ein blir samde om å satse på i kyrkjelyden. Døme kan vere evangeliske aksjonar, Alpha-kurs, fellesmøte, forbønnssteneste m.m. Slike fellestiltak skal som hovudregel gjelde tidsavgrensa tiltak.

- c. **SAMORDNING**

Bidra til å samordne Gudstenester, kristne møte og andre kristne arrangement i Ølen kyrkje, Kyrkjetunet og Vågen bedehus og andre aktuelle samlingsstadar i soknet ved å utveksle informasjon om planar og opplegg dei ein skilde har for det kristne arbeidet framover.

3. **ORGANISERING OG MANDAT**

- a. **KRISTENT FELLESETVAL**

- i **Medlemmer**

Fellesutvalet består av ein vald utsending for kvar av dei ulike arbeidslag/organisasjonar i soknet.

- ii **Mandat og møte**

Fellesutvalet arbeider i samsvar med hovudføremåla i pkt. 2. Det vert til vanleg halde eit eller to møte per år. Det skal førast referat som blir sendt til alle arbeidslag/organisasjonar.

Fellesutvalet skal arbeide for semje i saker som vert handsama. Utvalet kan ikkje binde arbeidslag/organisasjonar i saker. Representantar skal få høve til å føre dissens inn i referat frå møte.

Dersom Fellesutvalet ønskjer at arbeideslag/organisasjonar skal ta på seg økonomiske forpliktingar, skal rammer for dette gjerast klart på førehand slik at det er høve til å ta stilling til dette på førehand

- iii **Val av representantar til FELLE ARBEIDSUTVAL**

Kristent Fellesutval vel medlemmer til arbeidsutvalet for to år om gongen frå arbeidslag/organisasjonar som ikkje er fast representerte i Fellesutvalet.

- iv **Val av leiar**

Fellesutvalet vel leiar for arbeidsutvalet for eitt år om gongen. Same person vert og leiar for fellesutvalet for eit år om gongen. Leiar syter for at det vert tatt referat frå møta.

- v **Val av revisorar**

Det vert valt to revisorar for eit år om gongen til å revidere rekneskapen. Desse må ikkje vere medlem av Fellesutvalet.

b. ARBEIDSUTVAL

Kristent Fellesutval har eit arbeidsutval på 5 medlemmer som følgjer opp dei sakene fellesutvalet har gjort vedtak om.

i Medlemmer

Arbeidsutvalet har desse faste medlemmane: Ein representant for soknerådet, ein representant for styret for Kyrkjetunet og ein representant for bedehusstyret i Vågen. Dessutan er to representantar for andre arbeidslag/organisasjonar valde av Fellesutvalet med i arbeidsutvalet. Dersom den faste representanten ikkje kan møte, møter ein vararepresentant.

ii Mandat og møte

Arbeidsutvalet skal følgje opp dei saker fellesutvalet har tatt opp og andre spørsmål som kjem opp mellom møta i fellesutvalet. Arbeidsutvalet skal ikkje ta større avgjerder utan å sikre støtte frå dei ulike arbeidslag. Om dei finn det nødvendig, vert det kalla inn til ekstra møte i Fellesutvalet.

Leiar syter for at det vert skreve referat frå møta i arbeidsutvalet.

4. ØKONOMI

Kristent Fellesutval v/leiar disponerer bankkonto for å kunne setje inn pengar og betale rekningar. Det skal ikkje vere kontantbehaldning i Fellesutvalet.

Alle inntekter (t.d. kollektar, gåver) skal dokumenterast ved to underskrifter. Ein gong i året legg leiar fram eit økonomisk oversyn, signert av leiar og dei to valde revisorane.